



Arne Gunleiv Haugsvær  
Rosslandsvegen 1161  
5918 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/2497 - 18/24940

Saksbehandlar:

Marius Flemmen Knudsen

marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:

28.11.2018

## Godkjenning av søknad om ombygging av landbruksveg - Utmarksveg Gbnr. 7/5 Indre Brakstad

**Administrativt vedtak. Saknr: 322/2018**

### Saksutgreiing:

Arne Gunleiv Haugsvær søker i søknad dagsett 14.10.18 om løyve til byggja om ein eldre jordveg på Gbnr. 7/5. Det vert søkt om å få byggja om ein eldre jordveg bygd på 1970 talet til vegklasse 8, lengda er ca. 160 meter. Vegen er tenkt nytta 100% til jordbruksformål, og har eit dekningsområde på om lag 30,08 daa. Byggjekostnadar er kalkulert til ca. 96 000,-.

Eigedommen har 85,8 daa fulldyrka jord, 13,6 daa overflatedyrka jord, 30,4 daa innmarksbeite, 321,4 daa produktiv skog og 115,4 daa anna areal. Vegen ligg i eit innmarksbeite og vert nytta i samband med drifta av dette arealet. Det er ikkje tenkt noko endra bruk av vegen etter opprusting enn det som vegen vert nytta til i dag. Søklar ynskjer å byggja om vegen for å få betre tilkomst til arealet og få ein veg som er betre tilpassa dagens utstyr og dagens drift. Ei heving av vegklassen vil gjere drifta lettare då ein vil kunna nytta vegen betre uavhengig av veret.

### Vurdering:

Ein landbruksveg er veg for landbruksformål eller kor landbruksformål utgjer hovudformålet med vegen jf. § 1 i forskrift om planlegging og godkjenning av vegar til landbruksformål (landbruksvegforskrifta). For den omsøkte vegen utgjer landbruksformålet all planlagd bruk av vegen.

Det går ein landbruksveg frå Fv. 244 inn til innmarksbeitet, på innmarksbeitet vart det på 1970-taket bygd ein enkel jordveg. Denne vegen er nytta i samband med drifta på bruket. Vegen er smal, har ein enkel standard og har punktvis dårleg bæring. Søklar ynskjer difor å byggja om vegen og heva vegklassen på vegen. Utbetring av vegen vil gje betre tilkomst til arealet, samstundes som ein får ein veg som er betre

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

tilpassa dagens driftssituasjon med større maskiner og reiskap. Veggen er viktig for å kunne blant anna få spreidd gjødsel på beite. Ein god vegtilkomst til dyrka mark er avgjerande for å kunne gjere vanlege driftstiltak i periodar med mykje nedbør. Gode vegar hindrar køyring på innmark og bidreg til å unngå køyreskadar og jordpakking. Dette er også viktig på innmarksbeite. Betre tilkomst vil kunne sikre at naudsynt drift kan gjerast meir uavhengig av ver utan skader på innmarksbeitet.

Søknaden har vore sendt på høyring etter landbruksvegforskrifta §§ 2-2 og 3-3. Søknaden vart sendt til Hordaland Fylkeskommune og kulturavdelinga i Meland kommune. Hordaland fylkeskommune som kulturminnemyndighet har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdig kulturminne som kjem i konflikt med det omsøkte tiltaket. Me har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av veggen søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m. Fylkeskommunen gjer samstundes merksame på meldeplikta etter kulturminnelovas § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet.

Meland kommune ved kulturavdelinga har ikkje funne at det er kjende friluftsverdiar eller kulturminner som kjem til å verte nemneverdig skadelidande av omtalt tiltak, og har ikkje motsegn til søknaden.

Søknaden har vorte vurdert etter prinsippa i naturmangfaldslova (NML) §§8-12, jf. § 7. Etter gjennomgang av artskart, naturbase og den kunnskap administrasjonen har om viktige miljøverdiar på Indre Brakstad, ikkje funne sårbare eller truga naturtypar eller artar i området (jf. § 8). Det er registrert ein naturtype; Evjer, bukter og viker, med verdi lokalt viktig (ID: BN00001572) om lag 66 meter unna omsøkt tiltak (jf. § 8). Naturtypen kjem ikkje i konflikt med omsøkt tiltak, veggen er på nærmaste punkt om lag 66 meter unna og kjem ikkje i konflikt med vegtraseen grunna avstaden i mellom. Administrasjonen har vurdert det slik at det ligg føre tilstrekkelig med kunnskap om verknadane av tiltaket, og at føre-var prinsippet ikkje er aktuelt i denne saka (jf. § 9). Den omsøkte veggen vil ikkje auke utbygginga i området i vesentleg grad, det har vore drive ulike landbruksaktivitetar i området i lang tid og det er ein eksisterande veg som skal rustast opp. Administrasjonen meiner difor at den samla belastninga for området ikkje vil bli vesentleg auka, då planlagt bruk vil vere aktivitetar som allereie vert gjort i området (jf. § 10).

Naturmangfaldslova §§ 11-12 er ikkje aktuell i denne saka. Administrasjonen meiner etter ei samla vurdering at veggen som omsøkt ikkje er i konflikt med prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldslova.

Administrasjonen vil etter ein samla vurdering gje løyve til ombygging av jordvegen til traktorveg klasse 8. Det er administrasjonen sin vurdering at tiltaket vil vere viktig for å sikra god tilkomst på arealet, slik at det framleis kan driftast på ein god og effektiv måte. Ombygginga vil gje ein veg som er meir tilpassa dagens drift og maskinpark. Vidare er det viktig at ein har god vegtilkomst som kan redusera faren for køyreskadar og jordpakking.

## **Vedtak**

«Meland kommune gjev med heimel i landbruksvegforskrifta §§ 3-2, 3-3 og 3-4 løyve til ombygging av landbruksvegen Utmarksveg. Det skal byggast om ca. 160 meter av ein eldre jordveg til traktorveg i vegklasse 8.

Byggjeløyyvet er gjeve på fylgjande vilkår:

1. Vegen skal byggjast i samsvar med Normaler for landbruksveier med tekniske retningslinjer for vegklasse 8 fastsett av Landbruks- og matdepartementet.
2. Tidsfrist for gjennomføring vert sett til 03.12.2021.
3. Under arbeidet må ein vera merksam på funn/konstruksjonar som kan knytte seg til kulturminne/fornminne og rapportera dette til kommunen eller Hordaland Fylkeskommune, kulturavdelinga, jf. Lov om kulturminner § 8, 2 ledd.
4. Ved bygging må det takast omsyn, slik at ein ikkje får avrenning av lausmassar, humus eller liknande ned mot Brakstadvatnet.
5. Når veganlegget er ferdig skal kommunen ha skriftleg melding om dette og kommunen skal godkjenne arbeidet.

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

#### Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen  
skog- og miljøkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Vedlegg:**

Kart

**Mottakere:**

Arne Gunleiv Haugsvær

Rosslandsvegen 5918  
1161

FREKHAUG